



## Referat styremøte 24.10.23

Dato: 24.10.23  
Tid: 18:30-21:00  
Sted: Teams

Deltagere: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Bård Andreassen, Astrid Nerhus Dale, Reidar Strand, Allan Nogva, Svein Dalen  
Fråfall: Randulf Tverfjell, Christina Bjerknes, Beatrice Bjørkedal, Ole Mathias Risvik  
Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

### Sak 68/10.23 Godkjenne innkalling

**Vedtak:**

Styret godkjente innkallinga

### Sak 69/10.23 Godkjenning av referat fra styremøte 19.09.23

Referat fra styremøte 19.09.23 legges frem til godkjenning av styret

**Vedtak:**

Styret godkjente det framlagte referatet.

### Munnlege orienteringar:

- Ungdomscamp/høstcamp
- Elgjakt
- Økonomi og status midlar/tilskot
- Medlemstal
- Jaktterrenget på Frei (Ad hoc utval: Sivert, Svein og Monica?)
- Representantskapsmøte

### Sak 70/10.23 Budsjett 2024

Planlegging av budsjett for 2024 er i gang og det trengst innspel frå styret og utvala om behov for aktivitetar og/eller utstyr som må takast høgde for når det skal settast opp budsjett for 2024.

**Vedtak:**

Konkrete forslag som er kome fram, utanom dei kjent og ordinære, er landsmøtedeltaking, konferanseutstyr, rifle og sivkuttar. Desse må konkretiserast med kostnadsoverslag til neste styremøte.

Styremedlemene, instruktørar og utvala må komme med sine innspel til arrangement, aktivitet og tilhøyrande kostnader innan neste styremøte.

### Sak 71/10.23 Evaluering av behov for utval

Administrasjonen ønsker at styret evaluerer om vi skal halde fram med dagens antall utval og samansetning, eller om vi skal redusere og eventuelt opprette Adhoc/arbeidsutval ved behov.

**Vedtak:**

Saka tas med til utvalssamlinga 11-12. november og følges konkret opp av styret i etterkant (i styremøtet 28.11.).



### **Sak 72/10.23 Orgbrain**

Styret har fått tilsendt eit prospekt på Orgbrain, eit verktøy for å handtere ulike oppgåver i styret, inklusive styremøte. Regionleiar og Regionsekretær har vurdert Orgbrain til å vere eit verktøy som vil verte for avansert og komplisert til vårt behov. Styret bes om å gi ei tilbakemelding.

#### **Vedtak:**

Styret ser Orgbrain som eit verktøy som ikkje vil komme regionlaget til nytte og ønsker derfor ikkje dette til bruk til styrearbeid.

### **Sak 73/10.23 Landsmøtesak – Sporio.no**

Sporio er ei landsdekkande plattform for digital ettersøksavtale. Jaktutvalet meiner at denne plattformen gjentatte gonger ikkje oppfyller kravet om maks 4 timer frå oppringing til at ettersøksekvipasjonen er på plass. Jaktutvalet ønsker å ta initiativ til å opprette eit kontrollutval for tenesta då det fleire gonger har vore brot på dette kravet, og ser at dette er noko NJFF sentralt bør arbeide med.

#### **Vedtak:**

Jaktutvalet arbeider vidare med saka, og forslag leggast fram på neste styremøte.

### **Sak 74/10.23 Landsmøtesak - Storviltprøve**

Jaktutvalet ønsker blant anna strengare krav til antall treningskot for storviltprøve, samt oppskytingsprøve også for småvilt. Førstnevnte var oppe på landsmøtet i 2021, men vart nedstemt primært grunna skytebanekapasitet. Det kan også tenkast at der var ei viss frykt for å miste jegerne med å øke kravet.

#### **Forslag til vedtak:**

Jaktutvalet arbeider vidare med saka, og forslag leggast fram på neste styremøte.

### **Sak 75/10.23 Landsmøtesak – Medlemskontingent**

Regionleiar som representant i RS har sidan landsmøtet i 2021 reagert på at RS skal fastsette medlemskontingentane eit halvt år etter at lokalforeningane har fastsatt sitt kontingentnivå. Det burde vere ei sjølvfølge at lokalforeningane har kjennskap til satsane før dei skal ta ei avgjersle. I følge sentralledet er det slik vedtektene er utforma, og derfor ser ein behovet for at dette må opplysast om på landsmøtet og få landsmøtet si tilbakemelding angående saka.

#### **Forslag til vedtak:**

Regionsleiaren arbeider vidare med saka, og forslag leggast fram på neste styremøte.

### **Sak 76/10.23 Årsmøtet 2024 – Årsmøtesaker/Landsmøtesaker**

Det nærmar seg fort tid for planlegging av årsmøtedokumenter, derav årsmøtesaker og landsmøtesaker. Styret bes derfor komme med forslag til saker dei meiner bør behandlast av årsmøtet, samt utval som allereie har forslag til landsmøtesaker bes om å finnskive desse slik at dei kan leggast fram på årsmøtet.

**Forslag til vedtak:**

Utval som har landsmøtesaker skal reinskrive desse og ha dei klargjort som årsmøtedokument innan styremøtet i november.

Møtet slutt kl 20:50

Referent

Bård Andreassen

